

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sigdal

Emne: Beit og brom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Mørch

Gard:

(adresse): Prestfoss

G.nr.

Br.nr.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vart bruka ikkje lite ris og beit før. Ris var bjørkeris uten lauv, det var rising (f), "på tone" i ein haug låg det beit, rising og skav." (Johan Vika) Beit var mein et samnamn for ris, furubar, brisk og granbar. I kirkebøkene frå 16- og 1700-talet er nemnt "Risskoug" (1701), ^{beite -} Beiteskog (1689) og risbeite (1663). (Sigdal og Eggedal.)
2. Verbet er a° rise (a), rise bjørk, hogge beit.
3. Ris, beit og bar vart henta heim utover vinteren, utpå våren vart risinga bedre for det kom smålauv på kvistane. "I vårknipa 1912 - etter den harde tørkesommaren 1911 - veit je'ø Gunhild va appi hagan me sjirua^{sa} smart bjørkeknüppane sprakk og risa fanga for fanga me ris te kuine. Men da're vart lauv på bjørka, lauva'ø, og da va nå krøttra vel berja. Ho bar risinga heimi i ei teine"
4. "Doin felle busküne, bjørk (og faru) helst, og kvista lå' kübbane, ell doin hadde ein kjervekniv og hakka grenir lå' busküne der doin sto. Men sku're bli noko lå're, måtte'n felle me!" (O. Finnsrud.)

Kjervekniven var det to "jarir" på.



- a) er gått heilt for bruk,
- b) er den vanlege nå,

5. Jóran Víka fortalte frá 1860-ára:

"Midt på dagun, heile vinturu jennom, ná're iktje va for kalt, da, löste 'róim králtra og sleffle' róim út. De va leisinga. Králtra (kúvne) fekk da gá på hestemákk-koken og eta de 'róim velle der. Allát de hadde 'róim beit le 'róim, grán og fúruþar, rising og skav, de lág í ein háug framom fjóse."

"Somme hakka riset og hadde det í sórga íhop me agur, halm, og ann blóykefór." (Klaus Sabbe.)

6. Det er iktje kjört beit og bar í manns minne ná í nedre Sigdal, derimot kan de eldste í övre Sigdal kúgse beiteháugun på tonet framom fjóset, men dei har iktje sjólve vori med på at hente ris eller beit í merge.